

## **Referat styremøte 2020**

Møre og Romsdal Gjeterhundlag - MRGL

Styremøtet fann stad den 11.01.2020 klokka 12.00 - 13.00 Systra kafe, Sjøholt

Følgande møtte:

Merethe Hellevik (leiar)

Ingrid Iversen, vara MMG

Nils Edmund Stråmyr, skrivar

Anne Katrin Melle, nestleiar

Sara Larsson, vara VSG

### **SAKER:**

#### **SAK 11/19 ; Dato for årsmøte i MRGL**

Dei siste åra har årsmøtet vorte halde på Sjøholt. Frå Møre og Romsdal Sau og Geit kom det forespurnad om det var mulig å halde årsmøtet vårt i MRGL på same stad og tid som MRSG har sitt årsmøte. Dette for å både for å kunne møtast sosialt og bli betre kjent.

Dette meinte styret var eit godt forslag.

Vedtak:

**Årsmøtet vert laurdag den 15.02.2020. kl.13.00 på Scandic Alexandra Molde hotell.**

**Skrivar lagar innkalling til årsmøte.**

#### **SAK 12/19; Årsmelding**

Det vart diskutert kva som skal med i årsmeldinga og litt om korleis den skal sjå ut.

Vedtak:

**Det er aktivitetar som har funne stad i regi av dei fire lokallaga VSG, ISG, MMG, NRG og Fylkeslaget, MRGL, som skal vere med i årsmeldinga**

## **Referat Fellesmøte 11.01.2020**

**Fellesmøte mellom styra i MRGL og Møre og Romsdal Sau og Geit.**

**Frå MRSG møtte Ronald Slemmen og Stig Even Kvernberg.**

### **Aktuelle saker.**

Det har lenge vore eit sterkt ynskje om å få til eit fellesmøte. Leiaren sendte i august eit brev til MRSG med synspunkt på det å betre informasjonen mellom styra.

### **-Rollefordeling/kommunikasjon.**

Kommunikasjonen mellom styra kan betrast. Vi kan verte flinkare til å informere kvarandre.

Leiar MRSG/MRGL vert sett på kopilista når referat frå styremøter vert sendt til dei ein skilde styra.

MRGL må melde inn saker til MRSG, og kome med krav til styret der!

MRGL må bli meir synleg på årsmøta til MRSG. Kan ha årsmøte på same stad og tid. Det kan då vere mogleg å få til både fagmøter og uformell sosial samkome.

### **-Om leiar i MRGL skal møte fast på styremøta til MRSG, og/eller ha fast plass i styret.**

MRSG **skal** innkalle leiaren i MRGL til styremøte i alle saker som har med gjetarhund å gjere.

### **-Kontaktperson innmelding av gjetarhundprøver, styret i MRGL ynskjer fri innmelding.**

Fri innmelding av prøver frå lokallaga. Prøvedatoar fastsett av årsmøtet i MRGL skal ikkje nyttast av andre i fylket.

### **-Økonomi i MRGL, Laget bør ha eigarskap til kontoen sin.**

MRSG undersøker om det er mogleg å ordne dette. Det skal i det minste bli slik at kasserer MRGL får tilgang til kontoen, kontoutskrifter og årsoppgåve.

MRGL søker om støtte frå MRSG. Dei siste åra har støtta vore på kr. 15000 men vi ber om at dette no vert auka til kr. 20000. Vi viser til inntekter NSG har på gjetarhundprøver og medlemskontingenter frå medlemmer i gjeterhundlaga.

Sponsorpakker til heimesida og arrangement i regi av MRGL?

Møtet slutt kl.15

Referent Nils Edmund Stråmyr

